



Læring i Næring

INFORMASJON TIL BEDRIFTER SOM DELTEK

Kva er Læring i Næring?

- Ungdom, det året dei går i 9.klasse, får moglegheit til å søkja praksisplass i ulike lokale bedrifter.
- Læring i Næring skal vera eit tillegg til den yrkesretteiinga som vert gitt i skulen.
- Opplegget er frittstående frå skulen, praksis skjer på fritida.
- Bedriftene i Læring i Næring gir ungdomane ein sjans til å "prøva ut" enkelte fagområde, få arbeidserfaring, knyta kontaktar mot framtidig arbeid - og kanskje bli så interesserte og motiverte at dei vel å ta ei vidaregåande utdanning innan det dei har fått praksis i. *Arbeidspraksis vil vera under kategori «lett arbeid» if. Arbeidsmiljøloven. Ungdom under 16 år skal ha lette oppgåver og sjå verdiar i å kommunisera verbalt og nonverbalt i normal drift.*
- Læring i Næring er ei investering i framtida for ungdomane og det lokale næringsliv. Ei målsetting er langsiktig rekruttering til lokale bedrifter.

Læring i næring vert organisert av Næringshagen i Ryfylke.

Kva oppnår mi bedrift med å vera med?

- Positivt omdøme i lokalsamfunnet, med marknadsføring av eiga bedrift
- Interesse for faget
- Nettverk blant framtidige arbeidssøkjande
- Påverknad i yrkesval blant framtidias arbeidskraft
- Stabil og dyktig arbeidskraft/rekruttering på lang sikt

Korleis?

1. Næringshagen i Ryfylke legg til rette for at de kjem i kontakt med ungdomane, gjennom ein informasjonsdag på skulen på hausten i starten av skuleåret. Næringslivsaktørar som er Læring i Næring-bedrift blir invitert på sjølve informasjonsdagen, men skal også promotere seg digitalt under fana «Læring i Næring» på nettsida til Næringshagen i Ryfylke. På nettsida ligg digital info om næringslivet som er med i prosjektet, søknadsmalar og digitalt søknadsskjema for ungdommane. Næringslivet synleggjer seg også her med promoteringsfilm for bedrifta som blir eit verktøy mot ungdommane som skal søkja.
2. Bedrifta inviterer til bedriftsbesøk for interesserte ungdomar
3. Er ungdommen interessert i jobb etter bedriftsbesøk sender ungdommen skriftleg digital jobbsøknad til Næringshagen i Ryfylke ut i frå annonse og promotering som ligg på nettsida
4. Bedrifta har intervju med aktuelle søkjarar





Læring i Næring

INFORMASJON TIL BEDRIFTER SOM DELTEK

5. Bedrifta tilsett den eller dei som er interessante, og gjer tilbakemelding til dei som diverre ikkje fekk moglegheita denne gong. Bedrifta er arbeidsgjevar for ungdomen i Læring i Næring- prosjektet på lik linje med ekstrahjelp og anna ekstraarbeid.

Ved tilsetjing av ein ungdom i Læring i Næring har bedrifta ansvar for:

- Kontakt med ungdomen, arbeidsavtalar, forsikring, lønn m.m
Lønnsrata er flat kr 85,- per time. Eleven/arbeidstakaren følger eles arbeidsregulativa i tilsett bedrift.
- Å avslutta arbeidsforholdet seinast innan 1. juni før ungdommane sluttar på skulen.
- Det er bedrifta som gjennom avtale med ungdomen fastsett arbeidstid og arbeidsdagar innan prosjektet sine føringar. Det vil seie **35 timar (5 heile dagar a 7 timar) i haustferien i veke 41 eller vinterferien i veke 9 året etter, eller å fordele 35 timar på helger/ ettermiddagar eller andre fridagar i skuleåret fram til prosjektet og skuleårets slutt.**

Arbeidstimane skal bli lagt til ungdomen sine fridagar/feriar eller etter skulearbeidsdagen.

De står fritt i forhold til kva avtale de gjer med ungdomane i praksis, innanfor arbeidsmiljølova for oppsett tidsbruk og kategori «lettarbeid». Sjå arbeidsmiljølova § 11 eller hjå arbeidstilsynet si side om «Barn og ungdom i arbeid». Eit arbeidsforhold kan også avsluttast når som helst viss det ikkje tener hensikta med Læring i Næring og arbeidsavtala ikkje blir overhaldd. Ungdommane har ein (1) verkedag som prøvetid.

Prosjektet ynskjer mest mogleg realistisk opplegg mot elevane som ein elles legg opp til ved ein tilsetjing i arbeidslivet.

Hovudkontoret bidrar med

1. Mal for stillingsannonse
2. Standard arbeidsavtale
3. Mal for attest til ungdomane
4. Forskrifter for arbeid for barn og unge
5. Rettleiing for yrkesskadeforsikring
6. Mal for evaluerings skjema
7. Erfaringsdeling ved ulike problemstillingar
8. Mal for svarbrev til søkjarar





Læring i Næring

INFORMASJON TIL BEDRIFTER SOM DELTEK

Læring i Næring er ein del av arbeidet med langsiktig rekruttering for Suldal, der ein ønskjer at barn og unge skal sjå moglegheiter i lokalt næringsliv.

Langsiktig rekrutteringsarbeid handlar om haldningar, personlege eigenskapar, ressursforståing, lokalsamfunnskunnskap og handlingskompetanse.

Tusen takk for at de er med på dette arbeidet!

Har de spørsmål? Ta gjerne kontakt med oss.

Marit Larsen
Prosjektleder

Næringshagen i Ryfylke

Mobil: 90684861

E-post: marit@hnhryfylke.no